



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Norges forskningsråd
Postboks 564
1327 LYSAKER

Dykkar ref

Vår ref
22/7069-22

Dato
26. februar 2024

Tildelingsbrev til Noregs forskningsråd

1. Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal og tildeler midlar til Noregs forskningsråd (Forskningsrådet) for 2024. Vi viser til Prop. 1 S (2023–2024) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2023–2024) og Innst. 16 S (2023–2024), vedtatt i Stortinget 15. desember 2023 i samsvar med innstillinga. KDD viser også til tildelingsbrev til Forskningsrådet frå Kunnskapsdepartementet (KD) som etatsstyrande departement.

2. Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Noregs forskningsråd

Forskningsrådet har fem mål:

- Mål 1: Auka vitskapleg kvalitet
- Mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet
- Mål 3: Møte store samfunnsutfordringar
- Mål 4: Eit velfungerande forskningssystem
- Mål 5: God rådgjeving

Vi viser også til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar for nærare omtale av mål, strategiske område og styringsinformasjon.

2.1 Sektorpolitiske prioriteringar frå KDD

Tildelingane frå KDD til Forskningsrådet skal i særleg grad medverke til måloppnåing under mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet, mål 3: Møte store samfunnsutfordringar og mål 4: Eit velfungerande forskningssystem. På KDD sine område heng desse måla tett saman.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Administrasjonsavdelinga

Saksbehandlar
Anny Skarstein
22 24 49 12

Tildelinga skal medverke til å utvikle kunnskapsgrunnlaget for eit sterkt og velfungerande demokrati med effektive, tillitsskapande og berekraftige kommunar, god planlegging og forvaltning, næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt. Forskinga skal vere relevant og nyttig for dei som førebur og fattar vedtak og andre brukarar, og for offentleg debatt.

2.2 Styringsinformasjon

Når det gjeld omtale av styringsinformasjon for dei fem måla, viser vi til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar, punkt 2 Mål, strategiske områder og styringsinformasjon.

Styringsinformasjon (dvs. ulike dimensjonar) knytt til sektoransvaret går fram av krav til rapportering for årsrapport 2024 (departementsvise rapporter) jf. Vedlegg 1. Vi viser til punkt 5 Rapportering for 2024 i dette tildelingsbrevet for presisering av dei sektorpolitiske prioriteringane KDD ventar at Forskningsrådet skal rapportere på.

3. Tildeling for 2024

KDD stiller totalt 63,741 mill. kroner over kap. 500, post 50 Forskningsmidlar til Noregs forskingsråd m.m. til disposisjon til ulike forskingsformål. Dei KDD stiller til disposisjon for Forskningsrådet skal utnyttast effektivt og målretta. KDD gir Forskningsrådet fullmakt til å omfordele midlar innanfor løyvinga på ein post, så lenge måloppnåinga på posten er sikra.

Avvik frå spesifikke føringar i tildelingsbrevet og/eller vesentlege omdisponeringar skal alltid takast opp med departementet som tildeler midlar.

Løyvingane i KDD som går til forskingsprogram i Forskningsrådet samla på éin post, på kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet, post 50. Dette inneber at 24,8 mill. kroner blir flytta frå kap. 553, post 74 til posten. Løyvinga skal dekke Kommunal- og distriktsdepartementet sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Noregs forskingsråd.

Som følgje av departementsdelinga, er ein del av midlane som tidlegare har gått til DEMOS, overført til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD.) Det viktig for både DFD og KDD at dette ikkje får utilsikta verknader for iverksette og planlagde satsingar innan forvaltnings-, regional- og valforskning og kapasitetsløft. For 2024 skal derfor kap. 500, post 50 og kap. 1500, post 50 (DFD) sjåast i samanheng, og pågåande prosjekt finansiert av KDD skal vidareførast for prosjektperioden.

Posten har følgjande øyremøringar:

Tildelinga skal vidareføre valforskningsprogrammet (stortingsvalundersøkinga og lokalvalundersøkinga), jf. tildelingsbrev for 2023 og dialogen mellom KDD og Forskningsrådet om forvaltninga av stortingsvalundersøkinga for den nye perioden spesielt, jf. også. Innst. 372 S (2012-2013) og vedtak nr. 531, 10. juni 2013. I tillegg til vidareføring av dei lange linjene, viser KDD til at evalueringa av stortingsvalundersøkinga peikar på eit behov for å vidareutvikle det teoretiske rammeverket og metodiske opplegget.

Meld. St. 27 (2022–2023), Distriktsmeldinga, varsla ei styrkt satsing på forskning på distriktsutfordringar og regional utvikling. Forskingsrådet skal i 2024 prioritere arbeidet med ei slik satsing, jf. dialog mellom Kommunal- og distriktsdepartementet og Forskingsrådet. Sjå punkt 4.

KDD har overordna ansvar på departementsnivå for å følgje opp samfunnsoppdraget på Klimanøytrale og smarte byar under Horisont Europa (HEU). Verkemiddelaktørane i det nasjonale støtteapparatet for HEU har ei sentral rolle i det operative koordinerings- og mobiliseringsarbeidet, og KDD vil legge vekt på eit tett samarbeid med Forskingsrådet i oppfølginga av dette samfunnsoppdraget. Departementet legg til grunn at det europeiske forskings- og innovasjonssamarbeidet på urbane tema blir følgd opp i tråd med tidlegare aktivitet og at partnerskapet Driving Urban Transitions under Horisont Europa blir sett i samheng med oppfølging av samfunnsoppdraget Klimanøytrale og smarte byar.

Midlane blir utbetalt i to like delar i februar og august.

4. Felles post for verksemdskostnader

Verksemdskostnadene over KD sitt kap. 285, post 55 skal dekke alle kostnader til drift av verksemda til Forskingsrådet, dvs. alle kostnader som ikkje er FoU-midlar som skal fordelast vidare. Unntaket er nasjonale fag-, tema- og institusjonsevalueringar som framleis vil bli finansiert gjennom FoU-midlane frå det enkelte departement.

KDD viser til tildelingsbrev frå KD som etatsstyrar for nærare framstilling av kva tenester Forskingsrådet skal ivareta for departementa innan ramma av midlane på posten for verksemdskostnader.

Forskingsrådet skal i 2024 innhente kunnskapsgrunnlag for vurdering av vidare satsing på forskning på distriktsutfordringar og regional utvikling frå 2025. Denne skal finansierast med totalt inntil 1,5 mill. kr, med 2/3 frå KDD og 1/3 frå DFD. Departementa vil kome tilbake til korleis finansiering og fordeling skal løysast i praksis.

5. Rapportering

KDD ber om rapportering på dei sektorpolitiske prioriteringane som følgjer av omtalen i kap. 2.1. i dette tildelingsbrevet. Rapportering på bruk av midlane skal skje i tråd med struktur og forventingar til innhald i årsrapport for dei respektive rapporteringane til departementa. DEMOS-programmet vart oppretta for perioden 2015–2024. KDD ber om rapportering på resultatane frå dette programmet, m.a. særoppdraget om forskning på strukturreformene.

KDD ber spesielt om rapportering på eventuelle utilsikta konsekvensar av delinga av KDD. Dersom Forskingsrådet meiner det er behov for omprioritering mellom DFD og KDD sine sektorområde, skal det takast opp med begge departementa så snart som råd.

6. Styringsmøte

KDD, i samråd med Forskingsrådet, vurderer om det er behov for eit oppfølgingsmøte etter den skriftlege tilbakemeldinga på årsrapporten. Departementet vil gjennomføre eit styringsmøte hausten 2024 konsentrert om forslag til budsjett, utkast til tildelingsbrev og annan viktig informasjon i tråd med ønskje frå Forskingsrådet.

Med helsing

Finn Jensen (e.f.)
avdelingsdirektør

Anny Skarstein
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar